

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
642	Knut Øyjordet	02.06.23	22/23

ANG. BRUK AV LOKALE BEDRIFTER TIL SAL AV FISKEKORT OG SMÅVILTJAKTKORT FRAMOVER

Saksdokument:

Oversikt over fiskekortsålet i 2022, som viser omfang fiskekortsal frå dei ulike bedriftene.

Saksutgreiing og vurdering:

I mange år har fjellstyret hatt sal av småviltjakkort og fiskekort «over disk» ved bruk av lokale bedrifter. Etter at Inatur vart etablert for ein del år sidan, har fjellstyra også nytta Inatur til dette, og enkelte fjellstyre slik som Finndalen har nå all sal av det frie kortsålet på Inatur. Med åra har slik netthandel vorte meir vanleg, og som dei fleste nå meistrar. Dette har medført at Inatur er den største kortseljaren hjå oss nå, og i fjor sto Inatur for ca. 52 % av all fiskekortsal.

Etter at fjellstyret innførte regulering av småviltjegerar utan hund dei 15 fyrste dagane (frå 2021), har behovet for sal av småviltjakkort «over disk» vorte vesentleg redusert. I den regulerte perioden for jegerar utan hund skjer søknad, trekking og sal av kort ved bruk av Inatur. I fjor vart det frie kortsålet etter 30. september gjort berre ved bruk av Inatur. For småviltjakta er fangstrappertering viktig, noko som Inatur har eit godt opplegg for, inkludert purring. Dette har resultert i at svarprosenten er vesentleg høgare nå enn før. Dessutan er det arbeidssparande for oss sjølve, både i levering, innhenting og oppsummering av kortblokker, fakturering av kortsal og ikkje minst purring på manglande fangstrappertering. Kostnad med trykking blokker er også borte. Frå Inatur kan vi enkelt hente ut statistikkar både over sal og frå fangstrapperterane. Framover bør vi difor fullt og heilt gå over til å nytte Inatur for sal av småviltjakkort.

For sal av fiskekort er det annleis, for der har vi ikkje behov for fangstrappertering. I tillegg skjer fisinga på ei tid da bedriftene har ope, og for mange fiskarar er det nok ennå «tradisjon» å kunne stikke innom ein plass og kjøpe seg kort. Men antal fiskekortseljarar kunne gjerne vorte redusert, fordi enkelte sel få kort. I fjor nytta vi 14 lokale bedrifter til fiskekortsal. Tre av desse (Skarå camping, Hindseter og Sjodalsstugu) selde 20 kort eller mindre. Om desse blir kutta ut som fiskekortseljarar, så er det ikkje langt til nærmaste utsalsplass for kortkjøparane likevel. Elles kan det nemnast at provisjon for kortsal er 15 %. Inatur tek 12,5 % i provisjon.

Innstilling til vedtak:

Ang. bruk av lokale bedrifter til sal av fiskekort og småviltjakkort framover, så vil fjellstyret gå fullt og heilt over på Inatur for sal av småviltjakkort. Årsaka til dette er primært dei store fordelane ein har ved bruk av Inatur ang. fangstrappertering. Dessutan har vi full oversikt over kortsålet til kvar tid, og det er lettvindt å framskaffe ulike statistikkar. Behovet for sal av småviltjakkort «over disk» har også vorte vesentleg redusert etter at det frie kortsålet for

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	90966277	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

jegerar utan hund vart kutta ut dei 15 fyrste dagane av jakta frå 2021.

For fiskekortsålet vil fjellstyret halde fram med sal av kort hjå lokale bedrifter. Sjølv om netthandel ved bruk av Inatur er aukande, og sto for ca. halvparten av fiskekortsålet i fjor, så er det greitt å vidareføre sal av fiskekort «over disk» ennå. Men fjellstyret meiner det ikkje er nødvendig å nytte så mange kortseljarar. Dei tre som selde 20 kort eller mindre i fjor får difor ikkje utdelt kortblokk frå og med i år. Dei ligg alle også i nærleiken av andre kortseljarar, så tilbodet om kjøp av kort blir ikkje vesentleg redusert av den grunn.

Vedtak:

Samrøystes: Som innstillinga.

Rett utskrift. Går til:

Dei ulike lokale kortseljarane

Vågåmo, 02.06.23

Knut Øyjordet (e.f)